

STRANDA HAMNEVESEN KF

FØRESEGN OM AVGIFTER OG VEDERLAG I STRANDA HAMNEVESEN KF

Føresegn om hamneavgifter og vederlag i medhald av Lov om havner og farvann
Av 08.06.84 nr. 51 er vedteke av:

Godkjend: Kommunestyret 06.10.2004 – sak 100/04

INNHALDSLISTE

I	Generelle vedtekter		
1.0	Formål	side	3
1.1	Avgiftsområde	”	3
1.2	Utrekningsgrunnlag for skipsavgifter	”	3
1.3	Avgiftssatsar og vederlag	”	3
1.4	Innkrevjing av hamneavgifter	”	3
1.5	Fast avtale om leige av kaianlegg og Hamneinstallasjonar	”	3
1.6	Ettergjeving og nedsetjing av avgifter og vederlag	”	3
1.7	Varigheit	”	4
1.8	Straffeansvar	”	4

GENERELLE VEDTEKTER.

1. Formål

Etter "Lov om hamer og farvann", §§21-23, skal hamneavgifter saman med alle andre inntekter av hamneverksemda, dekkja kostnader med administrasjon, planlegging, utbygging og drift av kommunen sine anlegg og hamnemessige innretningar. Kvar driftseining/hamn skal i prinsippet bære sine eigne kostnader.

2. Avgiftsplikt.

Avgiftsføresegnene gjeld for heile hamnedistriktet, som omfattar alt sjøareal i Stranda Kommune. Alle kategori av fartøy som skal til hamn innan distriktet betaler anløpsavgift, medan alle andre avgifter og vederlag for fartøytrafikk, passasjer- og varetransport/lagring, er knytt til kaiar og terminalanlegg som Stranda Hamnevesen KF i kommunen disponerer.

Stranda Hamnevesen KF kan inngå avtalar med private kaieigarar om bruk av anlegg, hamneoppsyn, innkrevjing av avgifter og godtgjersler.

3. Utrekningsgrunnlag for skipsavgifter.

Avgifter av fartøy som skal betalast for, vert utrekna på grunnlag av fartøyet sin bruttotonnasje, fastsett i samsvar med målekonvensjonen av 1969. Om fartøyet ikkje er målt, vert tonnassen fastsett av Stranda Hamnevesen KF, j.fr. Fiskeridepartementet sine retningslinjer for avgjersler.

For fritidsbåtar utreknast avgiftene etter største lengde i meter.

4. Avgiftssatsar og vederlag.

Avgiftssatsar og takstar for hamnetjenester vert fastsett av kommunestyret.

I avgiftsføresegnene inngår rådeavgjersler for kostnadmessige rabattordningar.

5. Innkrevjing av hamneavgifter.

Ved bruk av offentlege disponerte kaiar, areal og innretningar, kan Stranda Hamnevesen KF påleggja operatøren å krevja inn avgifter og godtgjersler på Stranda Hamnevesen KF sine vegne mot avtalt provisjon.

Faste brukarar av hamneanlegg skal levera månadleg oppgåve over eigen trafikk på vedkomande anlegg.

Trafikkavgift vert kravd inn av Tollvesenet, som avlegg reknskap for Stranda Hamnevesen KF.

6. Fast avtale om leige av kaianlegg og hamneinnretningar.

Stranda Hamnevesen KF kan istaden for hamneavgifter etter § 23 i lova, inngå leigeavtale for heile eller deler av eit kaianlegg eller areal med tilhøyrande innretningar. Leiga skal dekkja kostnader som står i forhold til drifta av leigeobjektet.

7. Ettergiving og nedsetjing av avifter og vederlag.

Stranda Hamnevesen KF kan når særleg omstende føreligg, nedsetje eller ettergi påløpne avgifter og vederlag. I dette inngår ikkje kostnadsamessige rabattordningar som nemd under pkt.3.3.

8. Varigheit.

Avgiftsføresegnene og endringar av desse, trer i kraft frå det tidspunkt kommunestyret avgjer. Mindre justeringar av enkeltsatsar, m.v, kan vedtakast av Stranda Hamnevesen KF og brukast når formannskapet er underretta om endringa.

9. Straffeansvar.

I medhald av Lov om hamner og farvatn, § 28; straffes med bøter den som forsetteleg eller uaktsamt undrar seg betaling av gjeldande hamneavgifter.